

Vil ha fortgang på Ringeriksbanen

■ Buskerud Venstre foreslår offentlig utbyggingselskap

Frp går tilbake

Framstegpartiet ser ut til å gå tilbake i heile 11 fylke ved valet i haust.

Lengst nord i landet, i Agderfylka og i Sogn og Fjordane går partiet derimot fram. Det er ein gjennomgang av fylkestingsmålingane på nettsida pollofpolls.no som viser dette. Valforskar Bent Aardal seier til Nationen at det verkar som Frp til ein viss grad styrkjer seg i distrikta, men at bilete sprikar. Størst er tilbakegangen i Vestfold med minus 9,7 prosent. Største framgang har Frp i Aust-Agder med pluss 5,2. (©NPK)

kommuneval'11



Buskerud Venstre vil danne utbyggingselskap i regi av fylkeskommunen for å fortgang i bygginga av Ringeriksbanen.

Torbjørn Gunhildgard
tg@hallingdolen.no

Ringeriksbanen har vore på planstadiet i 20 år. Men framleis er det langt fram for at innkortinga av Bergensbanen mellom Oslo og Hønefoss blir realisert.

- Må tenkje nytt

- Me er lei av å høyre politikarar som etterlyser Ringeriksbanen. No må me tenkje nytt for å få fortgang i utbygginga. Rett nok er det sett av 580 millionar kroner i Nasjonal Transportplan i slutten av planperioden. Det er ikkje ein gong nok til å fullføre planlegginga. Så det skjer det neppe noko i løpet av dei neste ti åra, seier fylkesvaraordførar og toppkandidat til Buskerud Venstre, Runolv Stegane frå Sigdal.

Venstre-forslaget går ut på at Buskerud fylkeskommune og eventuelt andre fylkeskommunar og kommunar opprettar eit jernbaneselskap som låner pengar til å fullfinansiere Ringeriksbanen med statsgaranti over til dømes 40 år. Nedbetalinga skjer via billettinntektene.

Svensk modell

- Staten skil ikkje mellom pengar til investering og drift. Me må innsjå at det ikkje kjem pengar over statsbudsjettet til å byggje Ringeriksbanen i overskødeleg framtid. Å opprette eit aksjeselskap er einaste måten å få fortgang i Ringeriksbanen på, seier Runolv Stegane.

Han viser til Botniabanen i Sverige som vart finansiert et-



Nytt jernbaneselskap: Fylkesvaraordførar og toppkandidat til Buskerud Venstre, Runolv Stegane t.h., og partikollega og Ål-ordførar Torleif Dalseide, vil opprette eit eige selskap for å få fortgang i Ringeriksbanen.

ter same modellen og stod ferdig i fjor.

- Når det går an å byggje ein 19 mil lang jernbane i eit tynt folka område i Nord-Sverige, så bør det gå an med Ringeriksbanen også, seier han.

Seks-sju år

Tanken om å etablere eit utbyggingselskap for Ringeriksbanen er ikkje ny. For to-tre år sidan fekk dåverande fylkesrådmann Matz Sandman tilslutning frå fylkespolitikarane om å søkje Samferdselsdepartementet om klarsignal.

- Den søknaden har me ikkje fått svar på. Buskerud Venstre er einaste fylkespartiet som har det i sitt program. Så no må me lyfte det fram. Det er eit prosjekt som treng tverrpolitisk oppslutning, så eg både håpar og trur fleire vil støtte utspelet og vera med og setja trykk på saka, seier Stegane.

- Når er det realistisk at Ringeriksbanen kjem?

- I løpet av seks-sju år bør han vera ferdig. Men fyrst må me få klarsignal frå departementet om å danne eit selskap.

- Må prøve alle utveggar

- Me må prøve alle utveggar for å få fortgang i bygginga av Ringeriksbanen.

Det seier avtroppande ordførar i Ål og leiar i Forum nye Bergensbanen, Torleif Dalseide. Som Venstre-politikar støttar han forslaget frå fylkespartiet på eigne vegner, og på vegner av forumet.

- Framdrifta er liten og motstanden stor for Ringeriksbanen. Dagens ord-

ning med å få banen inn på statsbudsjettet har gått mykje seinare og tyngre enn me hadde håpa. Så eg støttar alle forslag som kan få fortgang i bygginga, seier Dalseide.

Han understrekar at finansieringsmodellen Buskerud Venstre har tatt initiativet til ikkje må forvekslast med modellen offentlig/privat finansiering.

- Her er det snakk om å opprette eit heiloffentleg selskap for Ringeriksbanen, seier Dalseide.

Kvalitet i **ELDREOMSORGEN**
står **SENTRALT** for oss i **HØGRE**

